

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F880	Knut Øyjordet	16.02.23	6/23

ANG. UTLØP AV ERKLÆRING FOR SÆTASETRA*Saksdokument:*

1. Brev frå Statskog av 12.04.21 til fjellstyret.
2. Brev frå kommunen av 29.03.22 til Reidun Opseth.

Saksutgreiing:

Statskog sende snart for to år sidan eit brev til fjellstyret ang. Setasetra i Randsverk. I brevet står det følgjande:

Viser til tidligere fjellstypesak 41/09 og 36/11 om at Sæta seter (3435/187/1/880) hadde falt i det fri, jf. fjellovens § 22, og senere fjellstypesak 2/12 der fjellstyret tilrådet Statskog å tilby erklæring om rett til å ha seterhusa stående jf. seterforskriftens § 13. Her ble det i 2012 utstedt en erklæring om rett til å ha seterhusa stående i 10 år regnet frå 14.05.2012.

Siden den gang har Vågå kommune kjørt en prosess med kommunedelplan der området hvor seterhusa står, er satt av til turistnærings. Randsverk camping varslet oppstart av reguleringsplan for det samme området på eget initiativ, men planprosessen stoppet opp da forholdet til seterhusa og erklæringen Statskog er bundet til ikke var avklart.

Eksisterende erklæring på seterhusa går ut i 2022. Med gjeldende planstatus i kommunen har Statskog tidligere signalisert at det er lite sannsynlig at vi vil forlenge denne erklæringen. Statskog ber Vågå fjellstyre om å ta en ny vurdering av hva som skal skje med seterbebyggelsen etter seterforskriftens § 12 og 13.

Eigaren av bygningane på setra, Reidun Opseth, søkte kommunen om å rive desse (seterstue og uthus/baksthus). Kommunen gav løyve til riving i mars i fjor, noko som fjellstyret vart gjort kjent med. Dette løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast innan 3 år etter at løyve er gjeve. Det står elles i saka at årsaka til at Opseth søkte om rivingsløyve var at erklæringa på bygningane var utløpt. Bygningane er ennå ikkje rive.

Vurdering:

Årsaka til at saka ikkje har vore tatt opp til behandling i fjellstyret tidlegare, er kjennskapen til at kommunen fekk søknad om riving av bygningane og at kommunen har gjeve løyve til dette. I og med at bygningane ennå ikkje er riven, må fjellstyret etter reglane i seterforskrifta reint formelt fatte vedtak om fjerning. I § 13 i forskriftena står det m.a om riving:

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om verken utvising eller løyve er aktuelt. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus, skal saka leggjast fram for for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

I kommentarane til forskrifta står det at fjellstyret avgjer om hus eller anlegg skal fjernast eller ikkje. Når vedtaket er endeleg, har Statskog SF ansvaret for oppfølginga, og avgjerd knytt til dette er ikkje enkeltvedtak og kan såleis ikkje bli klaga over.

Innstilling til vedtak:

I samband med utløp av erklæring for bygningane på Sætasetra i Randsverk, så vedtek fjellstyret med heimel i § 13 i seterforskrifta at bygningane på setra må fjernast. Fjellstyret grunngjev dette med signal frå Statskog om at det er lite sannsynleg at erklæringa vil bli forlenga, noko som fjellstyret er samd med Statskog i. Dessutan har eigaren av bygningane søkt kommunen om, og fått løyve til riving av dei to bygningane. Fjellstyret set krav om at bygningane må fjernast innan 1. september 2024. Når vedtaket er rettskraftig, vil fjellstyret sende saka til Statskog for vidare oppfølging.

Fjellstyret er klar over reglane i seterforskrifta om at ei slik sak skal endast til «regional kulturminnestyresmakt» før vedtak blir fatta. Kommunen har sikkert også ei plikt i forhold til kulturminnevernet i behandling av søknad om riving av bygning på ei seter, og fjellstyret går ut ifrå at dette er ivaretatt i den kommunale behandlinga. Men uansett vil vedtaket bli sendt til Innlandet fylkeskommune for eventuelle merknader. Og dersom fylkeskommunen har merknader til fjellstyret sitt vedtak, vil fjellstyret ta saka opp til ny behandling.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Reidun Opseth
Statskog SF
Innlandet fylkeskommune

Vågåmo, 17.02.23

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no